SOGN OG FJORDANE ORIENTERINGSKRINS

**Sogn og Fjordane**
**Orienteringskrins**
Orientering - meir enn idrett!

Jølstravegen 162
6819 Førde
Tlf 90201994
Bankgiro: 3700.61.15110
E-post: knuteh@hotmail.com

# PROTOKOLL KRINSTINGET 2026

Tid: **Søndag 1. mars 2026 kl. 13.00.**
Stad: **Skei Servicesenter**
Frammøtte: Knut Even Hole, Førde IL og krinsstyret
Jakob Kalvig Skogan, Sogndal IL og krinsstyret
Anders Bergset, IL Veten og krinsstyret
Gøril Fristad, Askvoll IL og krinsstyret
Kristin Hatledal, Markane IL
Kristin Heimlid Øyestad, IL Veten
Norvald Ospehaug, IL Tambarskjelvar
Christan Frøyd, Sogndal IL
Sondre Roset, IL Veten

13.00 Opning av tinget

SAK 1 *Godkjenning av dei frammøtte representantane*
Det er 8 røysteføre representantar på tinget.
Anders Bergset har ikkje røysterett, ettersom IL Veten har maks to representantar. Alle øvrige frammøtte har røysterett.
Alle frammøtte har talerett.

SAK 2 *Val av dirigent:*
Jakob K Skogan

SAK 3 *Val av protokollførar:*
Gøril Fristad

SAK 4 *Val av to representantar til å underskrive protokollen:*
Kristin Heimlid og Kristin Hatledal Øyestad

SAK 5 *Godkjenning av forretningsorden*
Forretningsorden vart godkjent utan merknader.

SAK 6 *Godkjenning av innkalling*
Innkalling godkjent utan merknader.

SAK 7 *Godkjenning av sakslista*
Innkalling godkjent utan merknader.

## Saker knytt til årsmelding og rekneskap for 2025 og 2026

SAK 8

*Behandle årsmelding for 2024-2025*
*Vedlegg 1: Årsmelding 2024 – 2025*

Årsmeldinga vart utsendt i forkant av Krinstinget. Knut Even går gjennom årsmeldinga.

Korrigering:
4.4, s. 17: Tambarskjelvar IL og Sogndal IL tilbyr Stolpejakt.

Ungdomscup 2024 og 2025
Det vart delt ut premiar for ungdomscupen 2024 under klubbmøtet i november 2024. Premiar for ungdomscupen 2025 vart delt ut på krinstinget.

Framlegg til vedtak: Årsmeldinga vert godkjent
Vedtak: Årsmelding med korrigeringa ovanfor vart godkjent.

SAK 9

*Behandle rekneskapen for 2024 og 2025, styrets økonomiske beretning, og revisors beretning*
*Vedlegg 2: Resultatrapport for 2024 og balanserapport pr 31.12.2024.*
*Vedlegg 3: Resultatrapport for 2025 og balanserapport pr 31.12.2025.*
*Vedlegg 4: Styrets økonomiske beretning*
*Vedlegg 5: Revisors beretning*

Knut Even går gjennom rekneskap og økonomisk beretning for 2024 og 2025.

Det kom tilbakemelding på at ein bør legge ut informasjon om høve til å kjøpe vestane som vart kjøpt inn av krinsen på krinsen sine nettsider.

Revisor Andreas Haug tilrår at rekneskapane blir godkjente.

Framlegg til vedtak: Rekneskapen for 2024 og 2025, styrets økonomiske beretning og revisors beretning vert godkjent.
Vedtak: Rekneskapen for 2024 og 2025, styrets økonomiske beretning og revisors beretning er godkjent.

## Behandle forslag og saker

SAK 10

*Behandle innkomne forslag. Ingen saker er kome inn til styret.*

SAK 11

*Fastsette kontingent for 2024 og 2025*
*Vedlegg 6: Kontingent for 2024 og 2025*

Saksnummer er endra frå 10.1 til 11.

Framlegg til vedtak: Styret sitt framlegg på nye kontigentsatsar vert vedtatt.
Vedtak: Styret sitt framlegg på nye kontigentsatsar er godkjent.

SAK 12

*Behandle budsjett for 2026 og 2027*
*Vedlegg 7: Budsjett SFOK for 2026 og 2027*

Knut Even går gjennom budsjettforslag for 2026 og 2027.
I budsjettet står no mesteparten av kostnadene på barn (0-12 år), men i realiteten går det meir til ungdommar (13-25). Det er postert slik grunna kontoplan.

Framlegg til vedtak: Forslag på budsjett SFOK 2024-2025, slik det ligg føre etter justering kome fram på møtet, vert godkjent.
Vedtak: Forslag på budsjett SFOK 2025-2026 er godkjent.

SAK 13

*Val etter lovene*

Jamfør SFOK si lov § 13 skal orienteringstinget velje

a. Krinsstyre med leiar og nestleiar, 2-4 styremedlemmar, og 1-3 varamedlemmar. Innanfor intervallet vedtar orienteringskrinstinget sjølv talet på styremedlemmar som skal veljast det einskilde år.
b. Kontrollutval med leiar, ein medlem og ein varamedlem
c. Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der krinsen har representasjonsrett, eller gje styret fullmakt til å nemne opp representantane
d. Valkomité med leiar, ein medlem og ein varamedlem

Valnemnda si innstilling vart lagt fram ved leiar i valnemnda, Christian Frøyd.

Krinsstyre:
Leiar: Knut Even Hole, Førde IL
Nestleiar: Gøril Fristad, Askvoll IL
Medlem: Anne Marie Svarstad, Markane IL
Medlem: Gaute Osvoll, Førde IL
Medlem: Sondre Roset, IL Veten

Vara 1: Anders Bergset, IL Veten
Vara 2: Anna-Karin Clarin, Sogndal IL
Vara 3: Jannike Felde, Breimsbygda IL

Leiar og nestleiar vart vald enkeltvis, deretter medlemmane samla og varamedlemmane samla.

Innstilling frå valkomité:
Leiar: Anders Bergset, IL Veten
Medlem: Anna-Karin Clarin, Sogndal IL
Vara: Kjellfrid Støylen Skilbrei, Førde IL

Andres Bergset har ikkje sagt ja til å vere leiar i valnemnda, og ny innstilling vart drøfta.

Ny innstilling:
Leiar: Anna-Karin Clarin, Sogndal IL
Medlem: Kristin Hatledal, Markane IL
Vara: Kjellfrid Støylen Skilbrei, Førde IL

Kontrollutval:
Leiar: Andreas Haug, Førde IL
Medlem: Sindre Engzelius Gylver, Sogndal IL
Vara: Jan Herstad, IL Tambarskjelvar

Representantar til NOFs ting og VIK sitt ting: Vert vald av tinget eller vert oppnemnd av styret.

Utsending til forbundstinget på Gardermoen 15. mars 2026 (to stk.):
Leiar Knut Even Hole
Krinsstyret får fullmakt til å utnemne eventuell representant nummer to.

Christian Frøyd kommenterte at det ikkje er saker på forbundstinget som gjer det naudsynt for SFOK å stille med fleir enn éin representant, noko som vil spare reiseutgifter.

Utsendingar til Idrettskrinsting i Vestland idrettskrets 18. april 2026 i Bergen:
Leiar Knut Even Hole
Krinsstyret får fullmakt til å utnemne eventuell representant nummer to.

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg på styre og kontrollutval vart godkjend. Det nye framlegget til valnemd vart godkjend. Utsending til forbundsting og idrettsting godkjent slik som referert.

Møte slutt kl. 1430.

Gøril Fristad, referent *(sign.)*

Kristin Heimlid Øyestad

**Kristin Heimlid Øyestad**

Kristin Hatledal

**Kristin Hatledal**